

# – Urettvis auke i renovasjonsavgift

Renovasjonsgebyret for campinghytte- og vogn aukar med 100 prosent i år.

SIGBJØRN LINGA

Prisen aukar frå 449 kroner til 899 kroner, i tillegg kjem meirverdiavgifta. Gebyret for fritidshus er 899 kroner allerede, og vert det også neste år. For campingvogner som komposterer, vert prisen framleis 630 kroner.

## Krev lågare gebyr

– Ei slik fordobling er heilt ute av takt med auken i dei andre avgiftene, der auken er på ti prosent. Unntaket er avgiftene på fritidshus og firmahytter, der det ikkje er auke.

Det skriv sju personar i campingnæringa i Kvam. Dei krev at heradet set avgifta til 494 kroner pluss moms – ein auke på ti prosent frå 2002.

Dei sju meiner det er tevlingsvridande å ha den same avgifta på campingvogner og -hytter og fritidshus. Årsaka er at standarden på fritidsbustadene gjer at dei vert brukte i store delar av året, medan campingvogner i hovudsak vert nytta frå mai til september og i påskhelga.



Kan campingvogner brukast heile året? Spørsmålet står sentralt i diskusjonen mellom Kvam herad og campingplasseigarar, etter at heradet vedtok å dubla årsgebyret for renovasjon for vognene.

– Svært mange har vognene vinterstengd, og det vert ikkje produsert avfall, skriv campingfolket, og hintar om at gebyret salderer eit trøngt budsjett.

Dei understrekar at campingplassane styrkjer driftsgrunnlaget på gardane syter for større lokal handel.

– Men som all anna næring er også drifta av campingplas-

sar underlagt konkurranse, og ein kan ikkje berre velte kostnadene over på brukarane, skriv dei.

## For døve øyre

Innspelet fekk ingen effekt då dei folkevalde vedtok avgiftsbudsjettet for 2003 17. desember. I eit notat gjekk også teknisk sjef Per Øyvind Tveiten mot endra gebyr.

Han kjøper ikkje utan vidare argumentet om at folk bur så mykje meir i hytter enn i campingvogner. Han skriv at standarden generelt er høg, mellom anna grunna vinterisolasjon og gode fortell.

– At vognene ikkje kan nyttast året rundt som andre hytter, stiller ein seg difor sterkt tvilande til. Ingenting tyder på at desse har færre bruksdøgn enn andre hytter – sjølvsagt med stor variasjon i brukstid for baa grupper, skriv Tveiten.

Dersom heradet hadde følgd gebyrframlegget frå plasseigarane, ville det ha gjeve ein svikt i inntektet på 212.000 kroner. Det ville igjen påført andre abonnentar ein gebyrauke på 14,4 prosent.

I Kvam betaler 549 campingvogner renovasjonsgebyr. 149 av desse får ein prisreduksjon på 30 prosent grunna komposterer. Vognbuande leverer søppel i store kontainrar. Kring 860 tonn avfall vert samla i desse kvart år. Ingen veit kor mykje av dette som kjem frå campingvogner.